

## Årsplan for Lita-god Familiebarnehage 2015 – 2016

### **Organisasjonskart for Lita-god Familiebarnehage**

Organisasjonsnr: 994 906 372

Liv H.v.d. Kooij. Eigar/styrar

Rut Dale, assistent

Anita Solberg, assistent

Foreldrerepresentantar i samarbeidsutvalet:

Tina Fonnes, leiar

Ida Alver, representant

Lita-god Familiebarnehage skal vera eine liten og god barnehage for born i aldergruppa 0-6 år.

Visjonen vår er: eg vil berre planta nokre pittesmå lyktestolpefrø

I det legg me at me vil vera ein av dei første bidragsytarane i borna sitt utviklingsløp og gje dei tryggleik, interesse, nyskjerrighet og tru på at dei kan læra seg det dei vil i livet og bli ein «Lyktestolpe»

### **Me gjev borna ein god start på eit livslangt læringsløp**

Satsingsområdet dette året er innan fagområdet Kommunikasjon, språk og tekst. Konkretisert ved å bruka opplegget **Grønne tankar – glade barn**. Det vil vera ein intensiv periode om hausten der me innarbeider dei ulike omgropa, og så vil det vidare liggja som eit bakteppe for alt samspel i barnegruppa. Omsorg, læring og sosial kompetanse er nokre av hovudkomponentane i opplegget

Personalet i barnehagen skulerar seg og på det relasjonelle plan. Vaksne – barn, personale – foreldre, vaksne – vaksne.

Me tenkjer tverrfagleg på fagområda i rammeplanen både i kvardagsituasjonar og i pedagogiske opplegg.

Me støttar oss til Piaget og Vygotsky og ynskjer å vera støttande stillas for borna og hjelpa dei opp på sitt neste utviklingstrinn. Dette gjer at me ser på kvar enkelt barn, kor står det, kva det meistar og korleis kan me hjelpe det vidare i utviklinga. Dette går på alt frå motorisk utvikling til matematisk kunnskap.

### **Det barnet treng hjelp til i dag, klarar det aleine i morgen**

Omsorg:

Me vil møta det enkelte barn med respekt og innleving. Vår omsorg kjem til utrykk gjennom

-fokus på trygg tilknytning

- leik med borna
- samtalar på bornas premisser
- ved måltida
- i stellesituasjonen
- ei hand å halda i
- eit fang å sitja på
- anerkjenning av eigenverdi

### **Omsorgsfulle, trygge og sensitive vaksne gjev trygge, engasjerte og utforskande born**

#### **Danning:**

Danning foregår i alle situasjonar der menneskjer møtest. Danning er omsorg, læring, oppdragelse og sosialisering. Borna skal få utvikla seg i eit stimulerande miljø. På denne måten legg me grunnlaget for borna si utvikling.

Danning handlar om at me lærer borna

- toleranse
- respekt
- empati
- omsorg

### **Born som møter gode vener og omsorgsfulle vaksne, blir sjølv omsorgsfull og ein god ven.**

#### **Leik:**

Borna sin leik er ei grunnleggjande livs og læringsform. Leiken stimulerer språksansen, intellektet, kroppen og motorikken. Bornas leik gjev nyttig erfaring og er avgjerande for alle typar læring. Leiken hjå born tener ytterst sett som trening til å mestra kvar dagen og vaksenlivet.

I leik vert grunnlaget for vennskap på tvers av alder, språk og kulturelle skilnader lagt.

#### **Me tar vare på det leikande barnet**

Gjennom leik får borna erfaring med:

- samhandling og vennskap
- konflikthandtering
- trivsel, glede og humor
- meistring
- kreativitet, fantasi og nysgjerrigkeit
- bearbeiding av erfaring og inntrykk
- halda fokus i leiken og utvida den
- språk
- mangfoldige opplevingar

For å få dette til krev det:

- aktive, engasjerte vaksne
- tilrettelegging av det fysiske miljø
- gode rollemodellar

### **Kommunikasjon, språk og tekst**

Språk er meir enn berre ord

- alle born skal få uttrykkja seg både verbalt og kroppsleg
- me stimulerer borna til å uttrykkja seg verbalt
- borna får gode opplevingar med bøker og forteljingar
- borna får kjennskap til IKT

### **Kropp, bevegelse og helse**

Målet vårt er at borna skal:

- læra seg gode rutiner for handsvask og hygiene
- læra seg namnet på dei ulike kroppsdelane
- utvikla motorisk dugleik
- få eit positivt sjølvbilete gjennom fysisk meistring
- få kjennskap til eit normalt sunt kosthald

Dette oppnår me gjennom variert fysisk aktivitet ute og inne. Turar i skog og mark. Ved å tilby sunn mat som er anbefalt gjennom helsedirektoratet.

Handvask før måltid og etter toalettbesøk. Uformelle samtalar med borna om hygiene, mat og helse

### **Kunst, kultur og kreativitet**

Borna skal få oppleva skaparglede, Dei får prøva seg på ulike uttrykksformer som maling, teikning, klypping, liming, perling mm.

Me har utkledningsutstyr og rolleleiks materiell som borna kan bruka i leik og samspel med andre.

- Kristine Fluge kjem ein gong pr månad og lærer borna nye regler, songar og leikar.
- Dette året vert det, pr i dag, tre teaterbesøk og eit kyrkjebesøk (for dei eldste)
- Me lånar bøker på biblioteket
- Me går på bokbåten når den ligg på Holmeknappen

### **Borna får utforska sin kreativitet og skaparglede**

### **Natur, miljø og teknikk**

- Me ynskjer at borna skal trivast ute gjennom heile året.
- Me vil at borna skal utvikla respekt for plantar, dyr og naturen rundt oss.
- Me vil skapa gode haldningar til miljø og kjeldesortering

Dette oppnår me ved å gå turar i nærmiljøet, tilpassa borna sine ferdigheter, aktive og engasjerte vaksne, uformelle samtalar, nærliek til og omsorg for dyra på garden. Gjera borna bevisste på kva som høyrer til i naturen. Gjera borna bevisst på naturens under, plantar som veks, trea som endrar seg, rumpetrolla som utviklar seg mm.

### **Me tar vare på bornas mikrokosmos – me tar oss tid til å oppdaga dei små tinga i naturen**

#### **Etikk, religion og filosofi**

- Me ynskjer at borna skal utvikla respekt og toleranse for andre mennesker
- Me ynskjer å læra borna normer og reglar i samfunnet
- Me ynskjer oss undrande og nyskjerrige born og vaksne

Dei vaksne i barnehagen skal vera rollemodellar. Barnehagen formidlar jule og påske «budskapet» til borna. Me prøver å stilla dei gode spørsmåla som gjev rom for undring, filosofering og gode samtalar. Me er lyttande og nyskjerrige vaksne som tar borna sitt initiativ på alvor.

#### **Me gjev rom for undring og fantasi**

#### **Nærmiljø og samfunn**

Me går turar i nærmiljøet/nærrområdet og snakkar med naboor som er heime på dagtid. Me fortel om dei ulike bedriftene som er i nærmiljøet vårt. Me går på besøk og får besøk av» barnehagenaboane» våre.

Dei største får vera med på utflykter lenger vekke, både innanfor og utanfor kommunegrensa.

Borna får bruka iPod og pc til spel, underhaldning og læring. Dei lærer korleis me kan bruka pc for å finna svar på det me ikkje veit.

#### **Me oppdagar nærmiljøet saman med borna**

#### **Tal, rom og form**

Gjennom leik og kvardagssituasjonar legg me vekt på å gje borna kunnskap om tal, former, fargar, teljing, vekt, og mål.

Me er bevisst på å bruka matematiske begrep i samtalar og planlagte aktiviteter.

Me brukar preposisjonar i leik og planlagte aktivitetar for å forsikra oss om at borna forstår kva dei ulike omgrepene tyder.

Den uformelle læringa har størst fokus da borna har svært ulikt utgangspunkt. Me tar utgangspunkt i det enkelte barn sin ståstad ,og «utvider».

#### **Kultur/ tradisjonar:**

**Songsamling:** Ein gong i månaden kjem Kristine Fluge og har songsamling med borna

**Luciafrukost:** Foreldre vert invitert på samling i barnehagen. Me bakar Lussekattar og borna lærer om den gamle skikken.

**Nisselfest:** Dei som vil kler seg ut som nissar. Det varierar om nissen kjem på besøk eller om han berre ringjer på og set att sekken sin ☺ Det vert servert graut og me ser på julefilmar.

**Karneval:** Me arrangerer karneval med song og dans, det varierer om me har eit tema eller om det er fritt for å vera kva ein vil.

**Påskelunsj:** Ein dag i påskeveka lagar me til «koldtbord» til borna

**Sommarfest:** Foreldra står for mat på denne festen

**Epos:** Me besøkjer bokbåten og deltek på samlingane der når båten kjem til Holmeknappen.

**Bibliotek:** Når biblioteket inviterar til høgtlesig deltar dei eldste borna, elles lånar me bøker på biblioteket.

**Vennskapsprosjekt:** Dei eldste borna får delta på fellesmarkeringa for alle barnehagane i kommunen, alle får delta i førebuinga.

### **Me vil gje borna gode og minneverdige opplevingar**

#### **Foreldresamarbeid:**

Barnehagen har ei eige lukka Facebookgruppe der informasjon til og frå foreldre vert gitt. Ein vel som ein vil korrespondera med heile gruppa eller einskilde foreldre, alt etter kva ein vil formidla. Planar og invitasjonar vert lagt ut der.

Det vert lagt ut månadsplan og månadsbrev kvar månad.

Sida inngår som ein del av dokumentasjonen til barnehagen.

Det vert halde to foreldremøter i året og foreldre får tilbod om to foreldresamtalar i året.

Når det høver får foreldre tilbod om å delta på kurs saman med dei tilsette slik at me kan få felles /samme informasjon ,noko som gjev eit betre grunnlag for samarbeid mellom tilsette og foreldre.

Dei tilsette prøver å formidla informasjon om kva det enkelte barn har gjort/opplevd i barnehagen i hente/bringesitasjonen. Dette inngår som ein del av vårt dokumentasjonsarbeid. Me vil gjera foreldra merksame på at me er merksame på det enkelte barn si utvikling og at me ynskjer å vidareformidla kva me har sett at borna har utvikla seg på.

#### **Plan for overgang barnehage – skule:**

Dei åra me har førskuleborn brukar me Meland kommune sine planar/prosedyrer for overgang.

#### **Vurdering:**

Målet for vurdering er å sikra kvalitet og skapa progresjon i det arbeidet som vert gjort i barnehagen. Me vurderar kvaliteten på eige arbeid gjennom refleksjon i personalgruppa.

Me vuderer kvart enkelt barn og ser på kva som er barnet si utfordring og korleis me kan hjelpe det vidare i si individuelle utviklingstrapp. Så lenge barnet si utvikling ligg innanfor «normalen» er det ikkje alltid desse individuelle utviklingsplanane vert dokumentert skriftleg. Dei ligg berre som ei hugsliste/notat til personalet.

Andre vurderingsmetodar som vert brukt er:

- Observasjonar
- Praksisforteljing, fortrinnsvis munnleg i personalgruppa
- Refleksjon
- Foreldresamtalar
- Barnesamtalar
- Brukarundersøking

#### **Barnehagen som lærande organisasjon:**

Barnehagen skal utvikla seg i tråd med samfunnets krav. Me må innretta oss etter føringar frå dei som står over oss. Det være seg departement, direktorat eller kommune. Me kan og sjølv velja retning.

I Lita-god vil me gjerne at alle dei tilsette skal få høve til å delta på samme kurs/møte/samling. Dette er fordi det er lettare å få i gang refleksjonar/diskusjonar/ta i bruk noko alle har kunnskap om.

Dette året prioritatar me det relasjonelle, anten det er forholdet du har til deg sjølv, forholdet til andre og korleis støtta borna i si emosjonelle utvikling:

- Foredrag med Trond Haukedal
- Psykologisk førstehjelp
- Psykologisk førstehjelp for barn, Grønne tanker – glade barn
- Godt å snakke med kurs.

I tillegg kjem fagkurs som dukkar opp undervegs